



Føresette

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2037 - 17/13604

Saksbehandlar:

Gro Håland

gro.haland@radoy.kommune.no

Dato:

03.11.2017

Referat frå foreldremøte 2 november 2017

- Presentasjon av personalet.
- Nye Bø barnehage

Barnehagen skal vere på Solhall i byggeperioden. Det vert for tida kjørt to ulike prosessar med reguleringsplan for barnehagen samt planteikningar for Solhall. Framdriftsplan estimerar at Solhall vil vere klar til å ta imot oss i november -18 og at det vert lagt opp til ei flytting rundt årsskifte 2018/19. Nye Bø barnehage ser dei for seg er ferdig våren 2020.

Det er ønskjeleg å få innspel frå føresette på tiltak / tilpassingar ein kan gjere dersom familiar får problem med henting/levering i perioden barnehagen skal vere i dei midlertidige lokala. Innspel kan de kome med til styrar eller til foreldrerepresentant i barnehagen.

- Ny rammeplan for barnehagane.
1 august fekk barnehagane ny rammeplan. Rammeplan er eit pedagogisk arbeidsdokument for barnehagetilsette. Dette barnehageåret vil barnehagen arbeide med å gjere seg kjend med denne. Foreldra fekk sjå ein informasjonsvideo som Udir har laga i samband med ny rammeplan.
- Vigilo
Barnehagen ønskjer tilbakemelding på korleis foreldra opplever bruken av Vigilo. Får de den informasjonen de ønskjer? Event kva saknar de/ vil ha meir av? Kva er bra slik de opplever Vigilo?
Tilbakemeldingane oppsummert er at foreldre er nøgd, det er kjekt med rapporter og bilete som syner kva barna har vore med på. Også det at ein kan sjå rapporter når det høver seg best er bra. Ferieregistrering utan at barnehagen har opna for det er ikkje mogleg. Gje tilbakemelding til avdeling så kan dei registrere ferie.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

- Foreldrerepresentant til samarbeidsutvalet.
Silje Ottesen Stevnebø og May-Cecilie Ulsmog.
Vararepresentant Camilla Vågenes.

Med helsing

Gro Håland
Einingsleiar Bø barnehage

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Føresette